



## UKM 03/14 Valg

Ungdommens kyrkjemøte skal gjennomføre to val under UKM.  
Det er sett ned ein valkomité som vil arbeide med å finne kandidatar til vala.

### 1. Val av tre representantar til Kyrkjemøtet i 2015

Kyrkjemøtet er det øvste representative organet i kyrkja og blir av somme kalla kyrkjas «Storting». UKM sender fire representantar til å delta på Kyrkjemøtet 9.–15.april 2015 i Trondheim. Ein av desse fire representantane skal, i samsvar med UKMs forretningsorden, nemnast ut av Utval for ungdomsspørsmål. Dei tre andre skal veljast av UKM.

**Det skal veljast tre delegatar. Tenk på alder, kjønn og geografi.**

### 2. Val av fire representantar til Utval for ungdomsspørsmål

Utval for ungdomsspørsmål (Ufung) er eit rådgivande organ for sekretariatet i Kyrkjerådet og spesielt for ungdomsrådgivaren i Kyrkjerådet. Ufung skal arbeide med saker som vedkjem ungdom i Den norske kyrkja nasjonalt og internasjonalt, og har eit spesielt ansvar i planlegginga og gjennomføringa av Ungdommens kyrkjemøte.

Til Ufung skal det veljast representantar for to år om gongen.

I løpet av året har Ufung 4–5 møtedagar, og møta blir normalt haldne på kvardagar i Kirkens hus i Oslo. I tillegg til dette har Ufung kvart år ei sentral rolle under UKM, som varer 4–5 dagar. Ein må vere budd på å setje av om lag 10 dagar årleg til dette pluss litt tid til førebuing. Reisekostnader vil sjølvstøtt bli dekte.

#### Merknad:

Dei som ble valt for to år i 2012 må dessverre trekke seg frå vervet. Dette medfører at det også må veljast to medlemmer for eitt år.

**Det skal veljast to representantar for to år og to for eitt år. Tenk på alder, kjønn og geografi.**